



Arkiv nr:

Sak nr 20/21

Møtedato: 12.05.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## 20-21 Fnr 438, Rislia - Dispensasjon for å behalde uthus som skulle rivast


Fjellstyret har motteke søknad til uttale frå Statskog, der hyttefeste 438 søker no om å få behalde eit uthus som i utgangspunktet skulle rivast som følgje av påbygg på hytta/nybygging av anneks.

No i ettertid, etter at påbygg på hytta/anneks er ferdigstilt ber dei om ny behandling for å behalde det eksisterande uthuset. Påbygg på hytta/nytt anneks gjer ei samla utnytting på 100 m<sup>2</sup>, der ein ikkje teljer med areal for det gamle uthuset.

Følgjande er oversendt frå Statskog:

*Viser til tidligere søknad og uttalelse fra fjellstyret vedr inngjerding av tomten. Det er sendt rekvisisjon på oppmåling av tomtearealet i forbindelse med søknad om tilbygg og nytt uthus i 2018. Det gamle uthuset skulle fjernes og ble derfor ikke tatt med i det tomtearealet vi sendte inn forslag på. Nå ønsker fester likevel å bevare den gamle utedoen og må derfor søke om dispensasjon for å la den stå i forhold til byggegrensen. Dersom utedoen skal bli stående, må den også inngå innenfor tomtearealet som skal måles opp. Statskog må derfor endre noe på tomtearealet, slik at alle bygningene er innenfor tomten. Ny skisse på tomteareal som inkluderer utedoen blir sendt kommunen. Har fjellstyret noen merknader til endringen?*

Bilete som syner ny tomte-arrondering – forslag frå Statskog:



Følgjande grunngjeving fremgår frå søker på hyttefeste:

Ønsker svært gjerne å beholde eksisterene uthus - merket på situasjonskartet som er lagt ved.

Vi har fått tillatelse til å bygge på hytta, og i tillegg satt opp et lite anneks, dette medfører at vi med det lille uthuset - hvor det er en gammel utedo som vi jo svært gjerne vil beholde da det er sårbart med kun forbrenningstoallett-overskrider de 100 kvm vi har tillatelse til å sette opp.

Hvis mulig søker vi med dette dispensasjon til å la uthuset stå, eventuelt rive noe av det.



Bilete av uthuset

Uthuset det er snakk om er ikkje arealmålt, men om ein måler overflate på tak på kart (4,8x4,1m), og trekker frå normalt takutspring på 0,4 vert dette ca  $4,0 \times 3,3 = 13,2$  m<sup>2</sup> BRA. Sidan det er eit overbygg med berande stolper med lengde på meir enn 1 meter frå vegg, vert dette rekna inn i arealet.

Spørsmålet er om ein skal tillate at total arealet på 100 m<sup>2</sup> vert overskride, anten ved at ein bygger nytt og tillett at eksisterande bygg kjem i tillegg ut over 100 m<sup>2</sup>, og i andre tilfelle om ein skal tillate at det bygges inntil 100 m<sup>2</sup>, og at det kjem søknader om nybygg i ettertid som i vesentleg grad overstig dei tillate 100 m<sup>2</sup>.

Statskog har ei haldning der dei tillett bygging av utedo i tillegg til oppsett bygningmasse, men då dreier dette seg om bygg på 1,5x1,5 meter (=2,25 m<sup>2</sup>), som i utgangspunktet ikkje er særleg vesentleg. Ofte vert og slike små utedoar bygd slik at dei ikkje har «teljande areal» etter plan- og bygningslova, og omfattas dermed ikkje av verken søknadsplikt eller handsaming etter plan- og bygningslov.

Administrasjonen finn at det vil vere riktig å forhalde seg lojalt til maks areal definert i kommuneplan/reguleringsplan, og på generelt grunnlag ha ei restriktiv haldning til bygging ut over dette. Det kan vere tilfelle der eks bygg har ein såpass stor verneverdi eller andre omsyn som gjer at ein kan dispensere, men dette bør ikkje vere hovudregelen.

I dette tilfellet her kan ein ikkje sjå at det er vesentlege moment om taler for at ein bør endre på føresetnaden frå 2018 om at dei kunne bygge på hytta/nytt annekst mot at dei reiv det gamle uthuset. Dette eksisterande bygget på ca 13 m<sup>2</sup> kan ein ikkje sjå har særlege verdiar for stølslandskapet eller liknande som gjer at ein bør dispensere ut over dei 100 m<sup>2</sup> som allereie er bygd.

Dersom det skulle vere eit ynskje om å erstatte dette uthuset med ein utedo på 1,5x1,5 m finn administrasjonen at dette er noko ein bør kunne vere positiv til. Dette sikrer likebehandling med andre. Ein slik mindre utedo vil og kunne dekke opp behovet dei oppgir, som er reserbedo for det nye forbrenningstoaletteet dei har i hytta.

Dette må sjølvst sagt plasserast innafor dei 1000 m<sup>2</sup> som dei har til rådighet, og administrasjonen har ingen merknader til den arrondering som Statskog foreslår (sjå skisse).

### **Framlegg til vedtak**

Fjellstyret tilrår ikkje at det uthuset som skulle rivast som følgje av byggeløyve i 2018, vert ståande. Det kan erstattast med ein mindre utedo på maks 1,5x1,5 m.

Ein tilrår at Statskog sett ein frist for når uthuset skal rivast.

### **Vedtak**

Fjellstyret tilrår ikkje at det uthuset som skulle rivast som følgje av byggeløyve i 2018, vert ståande. Det kan erstattast med ein mindre utedo på maks 1,5x1,5 m.

Ein tilrår at Statskog sett ein frist til seinast 1. september for når uthuset skal rivast.

*Generelle reglar om fjellstyrevedtak:*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.*

*Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.*

*I følge §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 14.05.21

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Statskog  
Vestre Slidre kommune